



Tingrettane og kyrkjekontora i
Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Oversending av vigselmeldingar til Skatt vest

Så nærmar sommaren seg og med det ny toppsesong for bryllaup.

Vi ynskjer difor igjen å minne om at **melding om vigsel skal sendast til folkeregisteret (Skatt vest) innan 3 dagar etter vigsel**. Dette står i forskrift om registrering og melding om vigsel av 20. november 1992, og er teke inn nederst i formularet Q-0309 (Prøvingsattest/Melding om vigsel/Vigselbok): "En bekreftet kopi returneres prøvingsmyndigheten innen tre dager."

Prøvingssakene er hos oss delt på fleire lokasjonar, og vi ynskjer melding om vigsel sendt direkte tilbake til den returadressa som er ført på den enkelte prøvingsattesten frå oss. Det kan variere mellom Bergen, Haugesund og Stavanger. Vedlagt i e-post er mal for adresse-etikettar til alle desse 3 lokasjonane. Desse kan de kopiere over på A4 –ark med klistrelappar, som då vil gjere oversendinga til oss litt enklare.

Vi har resultatkrav som før på at minst 65% av alle vigslane skal vere registrert i Det sentrale folkeregisteret innan 9 dagar. Oppnådd resultat er eit av fleire mål på kvaliteten i registeret. Eit av Skatteetaten sine hovudmål er at folkeregisteret skal ha høg kvalitet. Folkeregisteret er truleg det viktigaste registeret i landet og brukarane og enkeltindividet forventar at det er ajour til ei kvar tid.

Stadig fleire gifter seg i utlandet og det går ofte langt meir enn 9 dagar før vi får inn vigselattestar knytt til vigsel for utanlandsk rett. Dermed må andelen norske vigslar registrert innan 9 dagar vere betydeleg høgare enn 65% for at vi skal nå resultatkravet vårt.

Vi har greidd kravet dei siste åra, og det er difor grunn til å takke for rask oversending. Årleg får vi rundt 5000 meldingar om vigsel som skal registrerast.

Pr 31.3. i år ligg vi på 50,6% registrert innan 9 dagar. Dette er under resultatkravet, men skuldast langt på veg stor andel utanlandske vigslar på vinterstid.

Unntaksvis får vi melding om vigsel der det er gløymt å påføre vigselsdato, vigselstad eller at det manglar underskrift og stempel frå vigslar. Sørg for at alle felt er utfylt slik at vi kan registrere korrekte data umiddelbart.



Litt om prøvingssakene

På [skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) ligg no ny og betre informasjon om kva dei som skal gifte seg må ordne med i **god tid** før bryllaupet, og kva som skjer med papir og registrering etter vigsel.

De må gjerne vise brudeparet til nettsida

<http://www.skatteetaten.no/no/Person/Folkeregister/Ekteskap-og-samliv/Ekteskap/Ekteskap-i-Norge/Veien-til-ekteskapet---steg-for-steg/Start/>

Vi ynskjer at alle skjema som skal inn til oss frå dei som skal gifte seg, blir sendt samla. Eventuelt kan søknad om namneendring sendast elektronisk, noko som kjem fram av nettsida ovanfor.

Adresse brudeparet skal bruke for innsending av prøvingspapira er

Skatt vest

Postboks 8103

4068 Stavanger

Dokumentsenteret vårt skannar dokumenta inn i systemet, og får det fram til saksbehandlar elektronisk.

Vi har også eit servicekrav på at prøvingsattest skal vere skriven ut 14 dagar etter at alle nødvendige papir er kome til oss. I den travlaste perioden må brudeparet og kyrkjekontor/tingrett rekne med at det tar lenger tid. Det er ei hjelp for oss om planlagt vigselsdato er påført eigenerklæringane. Då kan vi lettare få fram i køen dei som eventuelt er ute i siste liten.

Vi sender dette brevet berre elektronisk (til kyrkjekontora gjennom Bjørgvin bispedømmekontor og Stavanger bispedømmekontor).

Vi ynskjer ein fin og god sommar og lukke til med dei mange vigsle-seremoniane de skal ha framover!

Med helsing

Inger Hageberg Øvrebø

seksjonssjef

Seksjon folkeregister

Skatt vest